

# Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

## Mål og retningslinjer

Revidert etter vedtak i KMD 20.03.2020

### Hovudmål

Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

### Delmål

#### Berekraftig arealbruk

Dei ulike interessene i kystsona skal sikrast god sameksistens. Naturressursar skal ivaretakast som grunnlag for både bruks- og verneinteresser. Verdifulle naturområde, naturmangfald, kystlandskap, kulturminne og kulturmiljø skal sikrast. Moglegheitene for allment friluftsliv skal tryggjast.

#### Akvakultur

Akvakulturnæringa skal vere framtidsretta og konkurransedyktig gjennom miljømessig berekraftig utvikling. Dette inneber at ein føreset at alle partar arbeider aktivt for å innfase den til ei kvar tid mest miljøvenlege teknologien med tanke på utslepp, forureining, rømming, smitte og dyrevelferd.

#### Sjøtransport og maritim næring

Maritim næring skal ha gode vilkår for utvikling gjennom trygge farleier og hamneområde. Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggjast i eit regionalt perspektiv og sikrast framtidige utviklingsmoglegheiter.

#### Strandsona

Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

# Retningslinjer

## §1. Verknad av planen

1.1 Planen har eit tidsperspektiv på 12 år. Behov for planrevisjon vert vurdert kvart 4.år i regional planstrategi.

## § 2. Generelle retningslinjer

2.1 Kystsoneplanlegging skal baserast på best tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag. Kommunane skal vurdere behov for oppdatering og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget. Der det er mangelfull kunnskap, skal «føre-var-prinsippet» nyttast.

2.2 Den regionale planen er ein overordna plan, som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve. I kommunal planlegging skal føremålsgrenser, arealkategoriar, føresegner og retningslinjer tilpassast kommunalt plannivå.

2.3 Kommunane skal særleg prioritera medverknad frå organisasjonar innan natur, friluftsliv, kystkultur og kystnæringar i tillegg til statlege sektororgan.

2.4 Område med særskilte verdiar for friluftsliv, landskap, natur- og kulturmiljø bør synast i kommuneplankartet som omsynssoner, eller som arealføremål som til dømes grønstruktur.

2.5 Samanhengande grønstruktur skal sikrast som grunnlag for friluftaktivitetar. Tilkomst til og langsmed strandsona bør sikrast både frå landsida og sjøsida. Tilrettelegging for ferdsel bør prioriterast. Verdifulle landskapsområde og mangfaldet av landskapstypar skal ivaretakast.

2.6 Kommuneplanen bør gi retningslinjer for skjøtsel for å ivareta og oppretthalde natur- og kulturlandskapet.

2.7 Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar. Sjøbruksmiljø er ein viktig del av kystkulturen, og må ivaretakast særskilt.

2.8 Område for skjelsand bør vurderast og gjerast synleg i kommuneplan.

2.9 Kommunane skal ta omsyn til kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk.

2.10 Trålfelt og prioriterte kaste- og låssettingsplassar skal sikrast i kommuneplan og avklarast opp mot andre interesser.

2.11 Forsvarets øvings- og skytefelt skal ivaretakast i kommunale planar.

2.12 Det skal takast omsyn til at kystgardar skal ha ei berekraftig utvikling, her under ha høve til å drive næring innanfor planområda. Dette skal skje i samsvar med dei lokale landbrukskontora.

## Akvakultur

2.13 Kommunane må gjere ei heilskapleg vurdering av behovet for akvakulturområde i lag med næringa og sektormynde (fylkeskommune, fylkesmann, kystverket, mattilsynet og fiskeridirektoratet). Eksisterande område skal vurderast i høve til aktivitet og trong for endring. Akvakultur bør prioriterast dersom område er godt eigna og næringa ser potensial for framtidig bruk.

2.14 Ved tilbaketrekking av løyve etter Akvakulturlova, skal arealbruk i sjøområde vurderast på nytt.

2.15 Område avsett til akvakultur i regionalplanen skal vurderast og detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar, eller når det er naudsynt for å dempe miljøbelastningane frå produksjonen, redusere lusebelastning og sjukdomsrisiko. Nye område for akvakultur som blir lagt inn i kommunale arealplanar, skal konsekvensutgreiast

### **Sjøtransport og maritim næring**

2.16 Kommunane skal ha oppdatert kunnskap knytt til gjeldande farleier, trong for hamner og sjøretta næringsareal.

2.17 Kommunane skal særleg prioritera medverknad frå maritime verksemder og organisasjonar, samt kystverket som sektororgan.

2.18 Areal til farleier, hamner og kommunikasjonspunkt mellom sjø og land skal sikrast i planar.

2.19 Kommunar med viktige fiskerihamner skal sikre landarealet til fiskeriretta bruk og tilhøyrande sjøområde for ferdsel/manøvrering.

2.20 Næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Samanhengen mellom land- og sjøareal må ivaretakast.

### **Strandsone**

2.21 Strandsone er definert som 100-metersbeltet frå sjø eller område fastsett som funksjonell strandsone.

2.22 Kommunane skal vurdere om tiltak som tidlegare er godkjent i kommuneplan eller reguleringsplan, er i samsvar med nasjonale og regionale føringar for strandsone.

2.23 Kommunen skal vurdere behov for nye byggeområde, båtplassar og tilrettelegging for friluftsliv.

2.24 Nye byggeområde skal som hovudregel ikkje lokaliserast i 100-metersbeltet eller i område kartlagt som funksjonell strandsone. Byggeforbodet i 100-metersbeltet kan fråvikast gjennom å fastsette ny byggegrense. Funksjonell strandsone kan leggjast til grunn for ny byggegrense. Ny byggegrense bør ikkje fastsetjast som ei generell grense. Der byggegrenser ikkje går fram av plankartet eller føresegner, gjeld 100-metersbeltet som byggegrense

### **Generelt for nye tiltak i strandsone**

2.25 Utbygging i strandsone skal skje mest mogleg konsentrert. Større, samanhengande inngrepsfrie område bør haldast fri for nye tiltak.

2.26 Alternativ lokalisering av nye tiltak i strandsone skal vurderast før bygging tillatast. Nye tiltak bør trekkast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar. Utviding av eksisterande bygningar bør om mogleg skje i retning vekk frå sjøen.

2.27 Nye tiltak i strandsona skal gjevast ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar, og gje minimale terrenginngrep og optimal massebalanse.

2.28 Det skal stillast plankrav til nye byggeområde i strandsona.

Det kan gjerast unntak frå plankravet for naustområde som er avsett i KPA og tilnærma utbygd slik at det ikkje er plass til meir enn tre nausteiningar, dersom dei ikkje er i strid med retningslinene og verdiane i funksjonell strandsone er ivareteke.

2.29 Areal til bustad- sentrums- og næringsutvikling skal prioriterast framfor areal til fritidsføremål innafor areal avsett til sentrumsområde i kommuneplanen.

2.30 Allmenn tilgang til strandsona i form av strandpromenade, offentleg tilgjengeleg kai og parkar/byrom/friområde må tilretteleggjast i utvikling av by- og tettstader.

2.31 Brygger skal ikkje byggast slik at dei stenger for allmenn ferdsel mellom naust og sjøen. Brygger bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep.

### **Båthamner**

2.32 Fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Det skal leggast opp til fellesløysingar for båtplassar, båtslipp, molo og infrastruktur som til dømes bodar, toalett/dusjrom, felleslokale og parkering knytt til båthamna på land.

2.33 Kommuneplanane bør leggja til rette for småbåthamner som er allmenne anlegg for småbåtar utan tilknytning til bestemte eigedomar. Det skal knytast plankrav til nye småbåthamner.

2.34 Småbåtanlegg bør vurderast ved nye bustad- og fritidsbustadeigedomar ved sjø. Småbåtanlegg er mindre anlegg knytt til nærare fastsette eigedomar, og bør regulerast saman med dei aktuelle eigedomane.

### **Naust**

2.35 Naust er uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Naust skal ikkje nyttast til overnatting og innreiast som bustad/ fritidsbustad. Nye naust skal som hovudregel samlast i eigne naustmiljø der ein planlegg med tanke på fellesløysingar for kai, bryggjer, parkering, bodar, toalett/bad, parkeringsplassar og anna. I desse områda bør det utarbeidast reguleringsplan.

2.36 Nye naust skal ikkje redusere ålmenta si tilgang til strandsona. Det skal tilretteleggjast for allmenn ferdsel ved nye naust. Det er ikkje tillate med nye gjerde/ levegg eller andre stengsler i naustområde.

2.37 Nye naust bør oppførast som separate einingar med variasjon i breidde og mønehøgd. Naustbygg skal vere maks. 40kvm, vere maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgd 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Naust skal ha ei utforming som samsvarar med bruken. Større takutstikk, takvindaug, terrassar og balkongar er ikkje i samsvar med bruken. Andre utformingar av naust kan vurderast gjennom detaljplanlegging dersom naustet er fellesnaust, eller det ligg føre gode arkitektoniske og landskapsmessige løysingar.

## § 3. Arealsoner i plankart

### § 3.1 Arealsoner landskap

3.1.1 Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er vist som arealsoner landskap.

3.1.2 Nye tiltak innanfor arealsonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Nye areal for akvakultur og større, varige tekniske inngrep bør i hovudsak ikkje tillatast. Eksisterande næringsområde innanfor arealsona kan nyttast vidare.

3.1.3 Intern flytting av eksisterande AK-område innanfor landskapsområde Fitjarøyane kan vurderast gjennom kommunale arealplanar. Nye lokaliseringar skal utgreiast og vurderast med omsyn til arealverdiane i Fitjarøyane og sumverknad knytt til samla belastning.

### § 3.2 Arealsoner naturmangfald i sjø

3.2.1 Naturtypar i sjø med svært viktig verdi (A), alle registreringar knytt til ålegrassamfunn, korallførekomstar og registrerte gyteområde (Fiskeridirektoratet) er vist i plankartet som arealsoner naturmangfald i sjø.

### § 3.3 Arealsoner med akvakultur – einbruk og fleirbruk

3.3.1 Areal for akvakultur er vist som arealsoner Akvakultur og Sjø og vassdrag inklusiv akvakultur.

3.3.2 Akvakulturområde på kommuneplannivå skal i hovudsak avsett som einbruksområde for akvakultur. Områda skal vera romslege nok til å sikre god fleksibilitet. Det må sikrast moglegheit for fortøying av anlegg i tilgrensande område. Fleirbruksområde med akvakultur kan nyttast i avgrensa områder etter ei nærare vurdering. I utgangspunktet er fortøyinganlegg inkludert i arealsonene. Kommunane må kartlegge faktisk situasjon og detaljere arealsonene som del av arbeidet med kommunale planar.

3.3.3 Arealbruk i sjøområda må sjåast i samanheng med arealbruk på land. Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje nær badeplassar, eller tett opp til bustad- eller fritidsbustadområde. Det skal takast omsyn til lokalt friluftsliv.

3.3.4 Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje tett opp til anadrome vassdrag.

3.3.5 Vurderingar knytt til vertikalnivå og oppdrettsart skal gjerast som del av planlegginga.

3.3.6 For å sikre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegg, skal som hovudregel oppdrettsanlegget på sjøoverflata ligge minimum 100 meter frå kystlinja. Fortøyingar kan plasserast nærare land, men skal ikkje hindre ferdsel eller fiske.

### §3.4 Arealzone kystzone

3.4.1 Område registrert som rigg- og ankringsområde er vist som arealzone kystzone.

3.4.2 Områda skal sikrast i kommuneplan og avklarast opp mot andre interesser.

### §3.5 Arealzone sjø og vassdrag generelt (eks AK)

3.5.1 Område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag utan akvakultur skal detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene (t.d. fiske, ferdsel, natur og friluftsliv ) er likestilte.